

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fyslebo

Emne: Skar

Bygdelag:

Oppskr. av: Erik Skjævesland

Gard: Skjævesland

(adresse): Fyslebo

G.nr. 82 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Namna hjelpefôr og naudfôr er brukt, kan skjje og so raskefôr. Dette siste er i allfall brukt i samansetn. som: Å eta alskens rask-rask, å raska ihop.

2. Skar og brom er kjende namn her. Her berre høyrte ein gamal mann som kjende namnet beit og visste at det var brukt fôr i tida. Kjenner ikkje noko samnamn som vedfôr eller liknande.

3. Å skava, skjev, skov, skave. Tildels kløyvd infinitiv her, so det lyder: å skave.

4. Skaving på det næraste slutt i Fyslebo no fôr var det vanleg brukt, men mest (i større mengde) i vanskelege år. Upp til ikring 1914 var det ikkje so få som brukte skar.

5. Helst osp og raun - mest av osp. Lind og fleire slag lauvtre var og brukt. I gamal tid rekna dei alm altfor god til dyrefôr. Det treet var berging for folk i borkelrødstider. Skar av ungfuru like brukt. Kunde vera furutoppar og -greiner som ran og geit sjölv gnor borken av.

6. Nei.

7. Dette rim er so vidt og veit kjent i oppskrifta her frå denne landsdelen. Er ikkje viss om det

frå Gfyslebo.

8. Serleg kua, men og sau og geit fekk skar. Hesten truleg lite eller inkje. Dei sa rektig nok at det var godt for hesten å gnaga bark når han hadde „sjöl“ i munnen (sjöl: tannkjøt på baksida av tennene som hev vakse unormalt - ofte som små posar som kunde nå til spiseren av tennene). Buskaper fekk skar um vinteren og våren. Føv når dei slepte ut sau og geit ei tid kvar dag um veret var rimelig, gnor og åt dei ris og bark um det var ein vedkost eller riskost (hang) for hand på tunet.

Skavet fekk dyra på ymse måtar - alene eller blanda. Eik- og orebark syntte dyra med å eta for skuld garvesyra.

9. Meir mjølk. Ja, skilnad. Gjeve i større mengde kunde skar av sume huslag gjeva beisk smak på mjølka, på same måten som nepesmak og sildesmak når det gjeld større mengder. Summe klaga over at dei kunde ikkje få kinna fløyten - kunde ikkje få smør - når kua fekk lindeskar eller lindelaur.

10. Begge måtar. Skov herjeveden og ifall det var brukande huslag.


11. Henta skar - av eller skar o. l.

12. Skar.

13. Kjenner ikkje ordet marka um forsanking.

14. Um vinteren. Um skarhenting langfredag kan eg ikkje seija noko visst. Meiner å ha høyrst forteljing då eg var liten (født 1897) um serleg slitsamt arbeid langfredag. Tungarb. den dagen kjent frå litteraturen, m. a. frå Setesdal.

15. På tunet eller allmed vedstjulet. Summe skov litt inne i stova eller hammerset.

16. Bandkniv (bannekniv, ein). Bandknivens kunde ha nokor forskjellig storleik. Ein litt stor kniv eg her er 59 cm. lang, rekna frå midt i handtaka, 4,5 cm. breid og 7-8 mm. tjukk. Han ser slik ut:  Disse bandknivane, som truleg her namnet sitt frå at dei vart nytta til å laga tunneband (hoslestakar til gjurer) vart nytta til fleire slag arbeid. Dei hadde handtak i begge endene og berre ein egg. Då dei tok til å „smia“ stav (kantstjerav tunnestav) med bandkniv fekk dei egg på begge kantane. - Her ein slik og. Summe som hadde det lite i orden nytta ljåbrok og kva som helst.

17. Summe hadde skavkrakk, elles var måten forskjellig. Skavhal? - Dette med -hal kjemmer eg berre frå namnet krokhal: påle til å binda kyrne til i hæn-toa. „Han var lett som ein lennehal“, sa dei um ein ^{gut} som var lett og kvikk.

18. Måtane var mange. Dei skov til seg- eller um so var, nedover.

19. Heldt skavkniven med begge hendene.

20. Skav - mogelig skarved.

21. Skav. Skavblokke uhjert. Truleg sa dei: ein borkemole.

22. Både kjeppar og storparken av treet når borken ikkje var for hard og treen. Kunde vera i vedlengd eller stokkelengd - nokor forskjellig.

23. Skjevle. Fleirtal: fleire, mange skjevle. Skjevle um berre tunne stykke, A. d. upp til ikk. 2 tumvar tjukke. Kubbe eller stokk um det andre ether som det var kort eller langt.

24. Helst berre borken. Det var best når shavet var lunt og fint. Terleg måtte shavet vera

4
4
lunt um ein skulde få sauen til å eta det.
Det er då rimelig at dyra heller tok skavet etter
ein som hadde skore det i tunne fliser^{er} eller
etter ein som var uvandare. Tok dei med
mykje av den tjukke borken mede med rota,
likte dyra ikkje skavet. Skulde slikt nyttast
mätte dei fyrst skava eller hogga av det ytre
harde laget på borken.

25. Før når dei fletta eikebark til garving
var det vanleg å nytta skjelane til bakster
ved. Truleg var det på same måten med skjel-
lar etter skaving um det var av buslag med
godt brenneverd. Elles var det som vanleg bren-
neved.

26. Som nemnt tidlegare er det mest heilt
slutt med skaving no - sjå 4.

— " —

Bonde Ola Björnstöl, 70 år gl. fortel:

Skavet skulde helst vera so lunt som flat-
brödleivar. Det store skavet fekk kua, sau og geit
det finaste - av toppar og tunne skjelvar. Nede
på litt store tre mätte ein fyrst skava eller hogga
av det tjukke rullet før borken kunde brukast.

Opp og sauen god, bjørk vanskeleg å brukas då
borken datt mest isund. Eik og av mest ikkje bru-
kande til kua. Lindeskav og lindelauv mätte
ein ikkje gje kua då fløyten blei so vanskeleg å
kinna. Døme på at dei hadde kinna i fleire da-
gar utan å få smør - og mätte gje upp. Lindeskav
brukte dei til sauen. Kyrne likte alnebark so
forskrekkeleg godt. Men dei gamle rekna på at
alnv var for god til dyr. Det var menneskemat
i borgebrödstider. Furubark brukte dei til sau og

geit. Berre den kunne berken. Toppar og greiner
i passende lengder med baret på la dei inn til
saa og geit. Kyrne tok heller skav enn halleg
godt høy. Dei åt heller skavet eller ein som var
god til å skava enn etter ein ringare

Vinteren 1876-77 arbeidde Knut Surteland
og tenestekaren Jon i Rauneholte heile vinteren
frå job til våren med skav og brom. Det var so
fæl ein snøventer at dei kunde ikkje få hesten
ut. Dei drog det heim på ein stor kjelke.

I Lian ved Høye stasjon er enno stumar med
rymningar etter aln som var hogd i uaret 1812.
Knut Surteland hogg aldri ei aln, for dei
gamle sa det kunde vera livberging for folk.
Og ein kunde aldri vita kva tid ein kunde
få bruk for borkemjöl att-- . Knut var fødd
1837 og døydde ikr. 1930.